

Fra: Janne Robberstad (spindelmaker@icloud.com)

Sendt: 21.11.2017 14:05:29

Til: Tone Stedal Haugland; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: a.b.c.d. kunstprosjekt rapport # 2017.845

Vedlegg: Skjerm bilde 2017-11-07 kl. 15.34.45.png;_MG_8102.jpg;Skjerm bilde 2017-09-15 kl. 00.09.07.png;tidsplanA.B.C.D..xlsx;Skann 4.jpeg;Skann 5.jpeg;Blue-Boss-Bob-presentasjon.docx;21284364_10210318395417495_1476595933_o.jpeg;Skann 2.jpeg;Skann 3.jpeg;BN2.9.17.jpeg;BN2.jpeg;BN4.jpeg;BN3.jpeg;BN1.jpeg

Hei Tone,

Tusen takk for støtte til a.b.c.d. prosjektet vårt! Den var uvurderleg for gjennomføringa!

No er del 1 av prosjektet avslutta, og iversetjing av del 2 er i gong.

Vedlagt ligg info om konsept og gjennomføring av prosjektet, foto, arbeidsskisser, avisutklipp, kvitteringar, budsjett på tid og pengar.

Dersom de treng noko meir, er det berre å ta kontakt.

Med vennleg helsing

Janne Robberstad

Kort om Blue Boss Bob Blåstål (a.b.c.d.)

Kven: Kunstnarar Elizabeth Roberts, Jan Willy Folgerø-Holm, Janne Robberstad i samarbeid med Kunstgeriljaen i Bømlo Kunstlag

Kva: a.b.c.d. (art. Beach. Create. Debris.) (Kysten – frå leikeplass til boss plass)

Ein skulpturell installasjon laga av havplast innsamla langs strendene på Bømlo.

Kvifor: Å setje fokus på havforureining, primært plast, og effekten denne har på maritimt liv langs kysten og i havet. Å inspirere til resirkulering og bærekraftig forbruk

Kvar: Innsamling langs strendene på Bømlo,

bygging i Autogården, Rubbestadneset på Bømlo,

avduking i Autogården, Rubbestadneset på Bømlo,

flyttefest, navngjeving (Blue Boss Bob) og utstilling i Bømlo Kulturhus

Når: del 1: mars 2017 – september 2017

del 2: september 2017 - ... (turné)

Tid: Tilsaman er det brukt 527 timar på å lage blåstålen, fordelt på 20 folk, der nokre bidro meir enn andre.

Folk: Fisken har fått stor oppslutning. Ved open dag under bygginga kom ca 50 folk innom, alle bidrog minst med å skru i ein skrue eller to i fisken for symbolsk eigarskap.

29. august 2017: Under ”avdukinga” kom nye 50 folk. Sjølv opninga var av Brita Servan, leiar i Berekraftig Liv, Bømlo.

13.september 2017: Etter at fisken kom til Bømlo kulturhus arrangerte me mottaking og navnefest. 3

barnehagar var med på arrangementet, i tillegg til ein del vaksne, tilsaman rundt 100 folk. I ettertid har fleire barnehagar vore innom kulturhuset for å sjå på fisken, utan at me har tal på desse. Fisken står godt synleg i foajéen i kulturhuset, så alle som er innom, kan sjå han. I tillegg har 161 elevar frå Gilje og Rubbestadneset skular fått kunst ”omvisning” gjennom den kulturelle skulesekken. Tilbakemelding frå Kulturhuset er at mange har vist interesse for skulpturen, både gjennom besøk og kommentarar.

Turné: (del 2 av prosjektet) Me vil sende Blue Boss Bob på turné, slik at han kan inspirere og informere andre barn, unge og vaksne om hav-plast forureining. Pr. idag er fygjande avtalt:

1.1.2018 - 30.6.2018: VilVite-senteret, Bergen

1.7.2018 – 30.11.2018: Herdla Museum, Askøy

Støtte: Hordaland Fylkeskommune 20 000,-

Norske Kunstforeninger 18 000,-

Bømlo kommune 10 000,-

Wärtsila 5 000,-

Total inntekt 53 000,-

Utgifter: 43 485,-(sjå budsjett for komplett oversikt)

Overskot vil bli brukt til framtidige kunstgerilja-prosjekt, kompensasjon til kunstnarar, buffer til framtidig frakt/oppbevaring.

Kontaktpersonar: Jan Willy Folgerø-Holm, kunstnar, tlf. 95 23 22 38

Janne Robberstad, prosjektleiar, tlf. 53 42 19 20/ 95 24 54 62

Anita Morlandstø, kasserar Bømlo Kunstlag, tlf. 95 22 90 63

skisser brukt under planlegging og bygging: